



Kinn kommune

Arealforvaltning og byggesak

Multiconsult Norge As
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO
Sissel Enodd

Vår ref.:
25/2312 - 6 / JASV

Dykkar ref.:

Dato:
11.04.2025

Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering ved Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia i Kinn kommune. PlanID 20250003

REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE

Møtedato/stad:	20.03.2025 / Teams	
Deltakarar:		
Tiltakshavar/forslagsstillar:	Kystverket v/Rita Svendsbøe, Henrik Kristoffersen og Trym Hauge Nilsen	
Ansvarleg for utarbeiding:	Multiconsult AS v/Sissel Enodd og Johanne Arff	
Kinn kommune	Planavdelinga v/Heidi Dyrøy og Janicke Svendal	
Andre:	Bremanger kommune v/ Magnhild Myklebust og Inger Hilde	
Planinitiativ motteke:	24.02.2025 (forslag planprogram)	
Namnet til planen	Detaljregulering ved Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia i Kinn kommune - planid 20250003.	
GNR/BNR		
Plantype:		Privat detaljreguleringsplan
	X	Offentleg/kommunal reguleringsplan
		Mindre reguleringsendring. Gjeldande plan: <i>NB! Mindre endring av eldre planar krev omkoding til gjeldande SOSI-standard av heile eksisterande plan.</i>
	X	Reguleringsplan med krav om konsekvensutgreiing
Sakshandsamar:	Janicke Svendal (førebels)	
Planavgrensing		Kartutsnitt vedlagt møtereferat
	X	SOSI-fil av planavgrensing, saman med pdf, skal sendast til kommunen for godkjenning før varsel om planoppstart.

Adresse
Postboks 294, 6701 MÅLØY

Telefon
57 75 60 00

Org. nr
820 956
532

E-post
post@kinn.kommune.no

Internett
www.kinn.kommune.no

		Kartgrunnlag med gjeldande arealplanar og evtuelot VA, må tingast på kommunens nettsider via etorget.
--	--	---

1	Intensjon/formål med planarbeidet
Formålet med planarbeidet er tiltak i farleia på strekninga mellom Stad og Florø. Det er naudsynt med tiltak med utdjuping av fleire grunner i leia. Grunnene skal bli utdjupa til ca. 12,3 meter, med unntak av grunnene ved Ulvesundet som skal bli utdjupa til ca. 14,3 meter. Kystverket har målsetting om at massane skal bli nytta til utbygging av formål som har samfunnsnytte. For å sikre gjennomføring av utdjupingstiltaka er det likevel naudsynt å regulere for sjødeponi dersom ein ikkje lukkast å finne eigna utbyggingsområde på land. Det er i forslag til planprogram vist til at eventuell deponering på land ikkje vil vere ein del av planane. Planprogrammet omfatter tiltak for utdjuping av grunner med tilhøyrande mogelege deponi i desse områda: På strekninga Stad-Florø, ligg områda ved Ulvesundet, Kariskjeret og Tekneskjerflua innanfor Kinn kommune sine areal og ansvarsområde.	
Merknader frå Kinn kommune: Kommunen har mottatt forslag til felles planprogram for planarbeidet i Kinn og Bremanger kommune. Kinn kommune viser til sitt brev til Kystverket datert 16.05.2025, der kommunen vist til at Kinn kommunestyre berre har avgjerdsmynde innanfor eigen kommunegrense og at det derfor må utarbeidast komplette plandokument for kvar kommune, slik at desse kan førast inn i kvar kommune sine planarkiv, med sine respektive planidentitetar. Kinn kommune signaliserte også i brevet skepsis til sjødeponi, og at det må søkjast gjenbruk av massane så langt som råd. Brev av 16.05.2024 ligg som vedlegg til dette referatet. Kommunen har i etterkant av oppstartsmøtet gått gjennom innhald i forslag til planprogram, og har sendt eige brev til plankonsulent m/kopi til forslagsstillar om moment kommunen meiner burde konkretiserast. Brevet er også vedlagt dette referatet. <i>Etterskrift: I brevet er det m.a. stilt spørsmål omkring føresetnad for gjenbruk av massar, der massane vil bli leverte usorterte. Kystverket har i etterkant endra ordlyden i denne føresetnaden, slik at det går fram grunngjeving for kvifor massane må leverast usortert. Kommunen har akseptert at forslag til planprogram vert sendt på høyring med den endra ordlyden.</i>	

2	Planstatus		
Plan	Plannamn	Føremål	Planid/ vedtaksdato
Fylkes(del)plan			
Kommuneplan	1. Kommuneplanens arealdel for Vågsøy kommune.	1. <i>Ved Ulvesundet:</i> Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone med linjesymbol for farlei. Lysholmen	1. 27.11.2002 / 1439200007

	2. Kommuneplanens arealdel for Flora kommune	er bandlagt etter lov om Naturvern. <i>Ved Kariskjeret:</i> Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone med linjesymbol for farlei, samt annen særskild bruk eller vern (K4) 2. <i>Ved Teikneskjerflua:</i> Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone med linjesymbol for farlei. Nærøyane er bandlagt etter lov om Naturvern.	2. 21.03.2017 / 140120140001
Kommunedelplan			
Områdeplan			
Reguleringsplan			
Andre planar/vedtak			
Anna planarbeid som kan ha innverknad på utarbeiding av planframlegget: Kommuneplanens sin arealdel er under rulling, med areal frå dei to gjeldande arealdelane i ein felles arealdel for Kinn kommune. Forslaget var på 1. gongs høyring i 2023, der gjeldande arealføremål i all hovudsak var foreslått vidareført. Det vert for tida arbeid med revidert planforslag for ei ny høyringsrunde i 2025. Kommuneplanforslaget er pr. no ikkje rettskraftig.			
Planen vil heilt erstatte følgjande planar:			
Planen vil erstatte delar av følgjande planar:			
Planen grensar til og må tilpassast følgjande planar:			
Behov for påvising av usikre eigedomsgrenser (Klarlegging av eksisterande grense) Må bestillast frå Kinn kommune her.			
x	Planforslaget vil samsvare med overordna plan.		
	Planforslaget vil <u>ikkje</u> samsvare med overordna plan.		
Konsekvensutgreiing Dersom planarbeidet vert omfatta av KU-forskrifta §6 og utløyser krav om planprogram, skal forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.			
x	Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing etter § 6 i "Forskrift om konsekvensutredninger"		

	Forslag til planprogram vert sendt på høyring saman med varsel om oppstart.
--	---

3	Aktuelle rikspolitiske retningslinjer:
X	Samordna areal- og transportplanlegging.
	Born og planlegging
	Riks- og fylkesvegar
X	Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (for den del av skjer som skal fjernast og som evt. pr. i dag har landareal)
	Verna vassdrag
X	Naturmangfaldlova
	Arealbruk i flystøysoner
X	Andre • NOU 2023: 25; Omstilling til lavutslipp • NTP 2025-2036, kap. 15
Merknader:	

4	Kommunale vedtekter og retningslinjer som gjelder for planområdet:
	Kommunale vedtekter
	Kommunale retningslinjer/målsetningar
X	Føresegner og retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel
X	Naturmangfald Plan for klima, berekraft og naturmangfald 2022-2032: https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-6f9ef1a5-0ef3-4c7e-9a05-ac0ea37a758e-12332/#/
	Kdp temaplanar Trafikktryggingssplan 2021-2023: https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/#/planmetadata/summary/a60e997f-9f44-45bb-80a9-ad8d8122410c

5	Krav til varsel om oppstart av planarbeid Søkjær skal varsle oppstart av planarbeidet. Varselet skal innehalde:
X	Oversiktskart som viser planområdet si lokalisering.
X	Kart med avmerkt planavgrensing
X	Brev til grunneigarar, offentlege etatar og andre berørte interesser. Brevet skal orientere om planforslaget, noveranda og framtidig planstatus og føremål, samt vurdering av behov for KU
X	Planprogram, då planframlegget utløyser krav om KU etter §6. Endeleg planprogram skal etter offentlig høyring, godkjennast av Kinn kommune, jfr. pbl §4
X	Varslingsliste for off. instansar, sjå vedlegg til referat. Grunneigar- og naboliste må tingast på kommunens nettsider via etorget eTorg

X	Varsling skal annonserast i lokalavisene; Fjordenes Tidende og Firdaposten, og på kommunens nettside Kinn.kommune.no. Annonsering/ kunngjering på kommunens nettsidar kan tingast på epost: kinn-publisering@kinn.kommune.no. Kopi av annonse og annonseringsdato skal sendast til sakshandsamar, slik at planarkiv og sak er oppdatert i prosessen.
	Ved parallell handsaming av reguleringsplan og rammeløyve må dette informerast om i varslingsannonse/varslingsbrev.

6	Informasjon og medverknad
	Informasjonsmøte: Møte med grunneigar for å informere om reguleringsarbeidet, må kjøpe grunn for å realisere planen.
X	Andre informasjonstiltak /medverknadstiltak i planarbeidet: • Vurdere behov for ope informasjonsmøte i Måløy og Florø i samband med oppstartsvarsling/ høyring planprogram. • Møte(r) og tett dialog med berørte/nærliggande grunneigar for å informere om reguleringsarbeidet og mogelege konsekvensar i anleggsfasen • Tett dialog med berørte faginstansar, som t.d. Statsforvaltar, Fiskeridirektoratet og lokal hamnemynde (Nordfjord Havn og Florø Hamn)

7	Viktige planfaglege tema i planarbeidet	
	Tema	Merknad
X	Landskap	• Volum og konsekvens av sprenging av synlege landemerke/skjær.
	Estetikk og byggeskikk, stadutvikling (nær- og fjernverknad, fortettingspotensial, utbyggingsmønster, form, sol-/skugge etc)	
X	Naturmangfald	• Naturmangfald skal inngå i KU • Påverknad for bandlagde naturvernområde og for marint biologisk mangfald - både anleggsfase og i etterkant av utførte tiltak • Vise til og legge ved utførte undersøkingar, og vurdere behov for nye undersøkingar • Forslag til areal for dumping, er i konflikt med registrerte naturinteresser som tareskog, beiteområde for torsk, gyteområder m.m. • Unngå dumping, fremme gjenbruk innanfor godkjente/utgreidde/ regulerte areal
X	Vassmiljø	• Vassmiljø skal inngå i KU • Vassforskriften §4 sine krav skal leggast til grunn for planlegginga; «..vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand, ..». Tiltak i plan skal ikkje endre / forverre vasskvaliteten.
X	Kulturminne, kulturlandskap	• Dialog med sjøfartsmuseet omkring evt. marine kulturminne.

	Verneinteresser bygning	Ikkje aktuell
X	Friluftsliv	Påverknad i høve dagens bruk og tilgjenge for ålmenta (t.d. opplevingsverdi, båtutfart, dykking), spesielt i anleggsfasen.
	Strandsona, sjø og vassdrag (ålmenta sine interesser)	Ikkje aktuell, føresett at tiltaka ikkje berører holmar/skjer over flo-målet.
	Universell utforming, folkehelse generelt, funksjonshemma og eldre, og born og unge sine interesser	Ikkje aktuell
	Uteopphaldsareal/leikeareal, kvalitet	Ikkje aktuell
	Sosial infrastruktur	Ikkje aktuell
X	Natur og ressursgrunnlag	- Naturressursar skal inngå i KU - Påverknad for fiskeriinteresser, både i anleggsfase og etter utført arbeid
	Jordvern- og landbruk	Ikkje aktuell
X	Miljøfaglege tilhøve (luft- og grunnforureining, støy, etc) miljøvern faglege vurderingar	- Miljøfaglege tilhøve skal inngå i planarbeidet. Kan t.d. vere: - Forureina massar i sjø. Må avklarast gjennom miljøundersøking/sediment. - Støy: anleggsfase for planlagt aktivitet, inkl. mogeleg påverka areal utanfor planområdet - Rystingar i anleggsfase - påverknad for naturmangfald, friluftsliv, omgjevnader/ nærliggande bygg - Evt. lysforureining i anleggsfase - Tiltaket sitt avtrykk i klimarekneskapen
	Teknisk infrastruktur og overvasshandtering	Ikkje aktuell
X	Trafikktryggleik på land og sjø, trafikktilhøve analyse, vegstandard/vegkategori	Påverknad for farleia, og trygg ferdsle på sjøen i anleggsfase
	Parkering	Ikkje aktuell
X	Naturfare (flaum, ras, grunnforhold, klima)	- Naturfare skal inngå i ROS-analyse. Uønska hendingar kan vere: - Geoteknisk undersøking for områdestabilitet – både for utdjupingslokalitetar og fr mogelege dumpingslokalitetar.
X	Samfunnstryggleik og beredskap	- Skal inngå i ROS-analyse og leggst til grunn for planarbeidet. Uønska hendingar kan vere: - Skipstrafikk - Ureining frå og uhell ved aktivitet knytt til planlagde tiltak
X	Klimatiske forhold, tiltaket sitt avtrykk i klimarekneskapen og energiløysingar	Krav om miljøfokus ved gjennomføring av tiltaka – fokus på gjenbruk og minst mogeleg utslepp av klimagassar

Merknader

Tiltaksanalyse for områda følgjer vedlagt møtereferatet

Andre moment som må belysast i planprosessen:

- Krav til massehandteringsplan, der gjenbruk skal prioriterast framfor deponering.

8	Kommunaltekniske anlegg
	Kommunaltekniske anlegg
	Krav om godkjende tekniske planer (vei, vann og avløp) VAO-plan, sjå over
	Tiltaket forutset utbygging/utbetring av kommunaltekniske anlegg
	Krav om godkjend renovasjonsordning (kapasitet og tilkomst). Avklare renovasjonsløyising.
	Krav om godkjend utomhusplan
Merknader:	

9	Krav til planframlegget – innhald og materiale
X	Planprogram
X	Planomtale
X	ROS-analyse – skal nytte siste rettleiar frå DSB (2017)
X	Plankart – levert som SOSI-fil. I tillegg skal det leverast dwg filer av plankart og bakgrunnskart. Grunnkartet skal ikkje være eldre enn 1 år, og eigedomsgrensene skal være raude ved offentleg høyring, og i gråtonar (153,153,153) ved vedtak. Grunnlag for plankartet skal være sist oppdaterte digitale grunnkart. Bestilling av kartdata for landareal hos kommunen, skal skje via kommunen sitt etorg. Behov for kartdata for sjøareal, må tingast hos leverandør. Evtuelle behov for innmåling må vurderast. Plankartet skal leverast digitalt i EUREF-89 koordinatar og siste gjeldande SOSI-format og Nasjonal produktspesifikasjon, jmf. forskriftskrava. Plandata skal kunne skiljast frå grunn-kartet i eiga fil. Plankartet skal og leverast digitalt i målestokkhaldig pdf-fil med EUREF rutenett. Pdf-fila skal innehalde både grunnkart og plandata. Bakgrunnskartet skal være i gråtonar. Feltnamn skal være i samsvar med KMD sine feltkoder for arealplanar. For at kommunen skal kunne sette inn vedtaksdato må kommunen og ha dwg fil av plankartet og bakgrunnskart.
X	Reguleringsføresegner – ein skal nytte KMD sin mal for føresegner , med kommunen sin heading. Mal vedlagt referatet
	Illustrasjonar som gjev representativ framstilling av perspektiv og som viser tilpassing til omgjevnadane. Skal være i 3D.
	Vegprofilar (lengde- og tverrprofil)
X	Kopi av kunngjeringsannonse/nettkunngjering
X	Kopi av varslingsbrev
X	Kopi av varslingsliste med grunneigarar, naboar og andre interessentar

X	Kopi av innkomne merknader ved oppstart
X	Søkjær si vurdering av høyringsmerknadane
X	Særlege utgreiingsbehov / tilleggsrapportar (jf punkt 7)
X	Konsekvensutgreiing: Bruk Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941, «Konsekvensutredninger for klima og miljø»: M-1941. Sjå og merknad nedanfor.
	Ved parallell handsaming av plansak og rammeløyve, jf pbl §12-15 må kommunen ha tilsendt situasjonskart og fasadeteikningar, samt planteikningar der det er relevant.
Merknader: - Kinn kommune og Kystverket er samde om at detaljreguleringa vert ført etter prosess i pbl § 3-7, og at Kystverket tek ansvar for utlegging til offentleg ettersyn - Prosjektet gjeld tiltak som strekker seg over både Kinn og Bremanger kommune, med kvar sine plandokument og planidentitetar. Tema for konsekvensutgreiinga gjeld interesser som kryssar kommunegrensene og strekker seg inn i begge kommunane. Det vil såleis vere fornuftig at konsekvensutgreiinga vert felles for dei to planarbeida. Utgreiinga må presenterast slik at det vert lett forståeleg kva del av konsekvensane som gjeld for den einskilde reguleringsplan og kommune.	

10	Aktuelle rekkefølgekrav
	Parkering og uteoppshaldsareal må være opparbeidd før ein kan ta i bruk bygga.
	Usikre grenser må avklarast før det kan søkjast om byggjeløyve innafor planområdet.
X	Anna: - Rekkjefølgjekrav i forhold til krav til utfylling, der gjenbruk av massar skal prioriterast framfor dumping av massane <i>Etterskrift: Intensjonen med denne føreseigna at gjenbruk av massar skal prioriterast framfor dumping av massane. Dette kan formast som rekkjefølgjekrav eller på annan måte som gjer til at gjenbruk vert valt framfor dumping, så langt det let seg gjere t.d. i forhold til mogelege mottak.</i> - Rekkjefølgjekrav/krav til gjennomføring innan gjevne tidsrom i forhold til viktige naturinteresser
Merknader:	

11	Utbyggingsavtale
	Tiltakshavar ønskjer å inngå utbyggingsavtale
	Det skal tingast om utbyggingsavtale med kommunen parallelt med planprosessen

12	Kommunen sine førebelse vurderingar og føringar
X	Kommunen tilrår oppstart av planarbeid
	Kommunen tilrår ikke oppstart av planarbeidet
	Kommunen tilrår at oppstart av planarbeid (planspørsmålet) vert fremja som ei PBL § 12-3, jmf. 4-2 andre ledd.
	Felles handsaming av planframlegg og rammesøknad
Merknader:	

13	Framdrift
Lovfesta sakshandsamingstida frå komplett planframlegg er motteke til første vedtak i saka er inntil 12 veker.	
Søkjar sin planlagde dato for varslng:	April 2025
Søkjar sin planlagde dato for oversending av komplett planframlegg (m/utgreiingar):	Plan etter pbl § 3-7, sjå merknad pkt. 9. Offentleg ettersyn er planlagt i perioden mai-juni 2025.
Etter at komplett søknad er motteken, vert tid til førstegongshandsaming berekna til:	-
Fordi planframlegget er særleg komplisert og/eller i strid med overordna planar og/eller begge parter er enige om det, skal det avtalast eigen frist for behandling når fullstendig planforslag vert innsendt	
Det skal utarbeidast en eigen avtale for samarbeidet om planen mellom tiltakshavar og kommunen.	
Saka er prioritert	X

14	Gebyr
X	Reguleringsplanarbeidet er offentlig detaljregulering og ikkje underlagt handsamingsgebyr.
	Dersom ansvarleg for utarbeiding ikkje kan utarbeider plankartet i samsvar med forskriftskrava, vil tiltakshavar belastast kommunen sine kostnader med å oppgradere dette til kartforskrifta sine krav.

15	Stadfesting
Møtereferatet byggjer på dei opplysningar og planfaglege tilhøve som låg føre på det tidspunktet oppstartsmøtet vart halde. Planfaglege tema og prioriterte utgreiingar for planarbeidet er vurderte så langt dette har vore mogeleg ut frå tilgjengelege opplysningar. Konklusjonane er difor foreløpige og verken oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinere sakshandsaminga. Det vert teke atterhald om endringer i rammeføresetnadane, i kommunen sine rutiner og politikk, og at nye opplysningar kan føre til endra faglege vurderingar. Naboprotester, protester fra bebuarorganisasjonar, krav fra offentlige styresmakter m.m. vil kunne medføre krav om endring av prosjekt/plan og endring av framdrifta for prosjekt/plan. Dersom avtalte innsendingar ikke er mottekne i henhold til avtalt framdrift, utan at det er avtalt nytt tidspunkt for innsending, kan kommunen sjå på saka som uaktuell og avslutte den.	
Utkast til referat vart sendt deltakarane frå Multiconsult og Kystverket til gjennomsyn, med merknadsfrist til 04.04.2025. Multiconsult har sendt inn merknad og dialog omkring dette er ført på saka (jpnr. 25/17370 og 252/17840). Basert på innspel er det no gjort tilføyning/etterskrift i pkt 1. under «Merknader frå Kinn kommune», samt under pkt. 10 om rekkjefølgjekrav. Referat er no endeleg og vert sendt via saksystemet/Altinn til hovudrepresentant for plankonsulent og forslagsstillar.	

Helsing

Janicke Svendal
avdelingsleiar arealplan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Tilbakemelding - Detaljregulering jf. PBL §3.7 - Tiltak i farleia - Skatestraumen-Fåfjorden-Vågsfjorden-Måløy sør - Bremanger kommune og Kinn kommune

Tiltaksanalyse-Kinn-20-03-2025_Ulvesundet

Tiltaksanalyse-Kinn_120-03-2025_Kariskjeret

Tiltaksanalyse-Kinn_20-03-2025_Teikneskjersflua

Kinn_mal_reguleringsplanføresegner

Tilbakemelding om endringar/presiseringar - Planprogram for Detaljregulering for Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia